



Kommunen skyt sporv med kanon, hevdar Tor Vidar Sæle (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dagleg leiar for Kvinnherad Vekst (tidlegare AFA) Tor Vidar Sæle meiner kommunen sin sakshandsamar John Harald Kjærland skyt sporv med kanon i brevet om det nye prosjektet i sentrum. uskedalen.no trykte brevet i går og Sæle uttaler at det inneheld fleire grove feil.**

\* Til dømes opplyser han at kloakken vart godkjent så tidleg som i 2009 då AFA kjøpte tomte av eigaren av Endregard. Dette har Kjærland beklaga at han ikkje var merksam på, melder Sæle.

\* Når det gjeld vassforsyninga har vassverket gjeve positivt tilsagn. Det manglar berre ein formell godkjenning frå eit samla styre, som det ikkje har vore mogeleg å samle på grunn av jakt og anna.

\* Verksemda har berre søkt om ytre rammeløyve, som ikkje omfattar innvendig bygg. Sæle konstaterer at kommunen no ønskjer ein full byggjesøknad og lovar at den skal bli oversendt kommunen snarast mogeleg.

\* Når det så gjeld Kjærland sin kritikk av prosjektleiinga, vil Sæle påpeika at firmaet har stått ansvarleg for store og større bygg tidlegare, til dømes Aksen på Husnes.

Av Ola Matti Mathisen